



Elsa & Emilie kjem tilbake til Festidalen.(Foto: Stian Andersen)

**Sommarens plakat byrjar ta form. Den kanadiske rockebomba Danko Jones kjem, og det saman med Noregs nye pop-dronning Julie Bergan og våre lokale stjerner, Elsa & Emilie. Frå før er Spidergawd, Odd Nordstoga, Bottlecap(S) og Sassy Kraimpspri klare. Sommaren vert fin på Dønhaug i år òg. Og meir snop kjem i nær framtid.**



[Julie Bergan kjem til Dønhaug](#)

Danko Jones har sugd til seg rockehjarter verda over. Dette er bøllete, feststemt rock som får fram sveitten og tømmer tønnene i baren. Trioen har turnert med gigantar som Guns N' Roses, Ozzy Osbourne, The Rolling Stones, Volbeat og Motörhead. Danko Jones er verdskjende for sine intense shows og deilege galskap. Musikken er tufta på ville damer og ville menn med mykje på hjarta og mykje i glaset. Danko er ein dude med kronisk (over)tenning og eit sinn så stinn av speglede at du gir blanke i kva naboen tenker og pælmar skjorta. Oh Lord, Danko i dalen blir minnerike greier.

Julie Bergan. 22 år. 100 millionar streams. Har varma opp for Justin Bieber i både Noreg og Spania. Har opptredd med Tinie Tempah. Har sjarmert publikum gjennom tv-ruta i program som mellom anna Senkveld og Lindmo. Denne unge og enormt talentfulle artisten har alt oppnådd mykje. Men dette er berre byrjinga! Hitar som til dømes 'Arigato', 'Blackout' og 'All Hours' er alt etablerte internasjonale fenomen. På scena bolttrer Julie seg i enorme mengder energi og sjarm. På med dansesko!

Elsa & Emilie kjem 'heim' til Festidalen. Elsa har røtter her, noko som mange kvinnheringar alt er fullstendig klar over. Det er kjekt, men ikkje tru eit sekund at duoen er booka berre av den grunn. 20-åringane har nett gitt ut plate nummer to. Og der dei på første plate viste stort talent, viser dei no at talentet har fått rett næring og vakse seg modent. Dette er sofistikert pop med fokus på mjuke harmoniar mellom to svært komplimentarande røyster. Snadder for allemann alle!  
Fleire slepp rett rundt hydna.

### **Dette meiner Daidalos:**

"Eg hugsar spesielt godt då plata 'Born A Lion' kom i 2002. Låtar som 'Sound of Love' og 'Play The Blues' rista bakken for meg. Sidan den gang har Danko og gjengen berre øyst på med plater og hitar for folk som elsker rettfrem-rocknroll. Eg kjem til å gå bananas!"

"Julie Bergan vert heilt rått! Sjølv om ho alt er etablert, anerkjend og har spelt for hundretusenvis, trur eg dette berre er byrjinga for Julie. Personleg sug eg i dansing, så her ser eg fram til å sjå alle andre slå seg laus på jordet. Tidsriktig og fullt av energi!"

"Elsa & Emilie står for noko ganske sjeldan i norsk pop for tida. Dette er nydeleg balansert låtsnekring kor melodi, rytmikk og stemning vert handsama med edrueleg respekt, og ikkje for tungt dynka i til dømes denne soveroms-elektronikaen mange har tendensert til dei siste åra. Godis for gjengen!"



Danko Jones er også på Festidalenplakaten.

Tekst: Festidalen  
Pressefoto  
Nett: Thor Inge Døsland